
Saksnr: 2021/4819-1
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021

Nyskapande aktivitetsanlegg - delegering av mynde

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen får delegert mynde til å fordele midlar i vedteke budsjett for 2021 frå post 460.107, nyskapande aktivitetsarena, i tråd med vedteken prosjektskisse.

Samandrag

Vestland fylkeskommune ønsker å drive eit nasjonalt pilotarbeid der ein vektlegg bruk av kunnskap og brei medverknad for å bygge dei riktige anlegga. Målet er å utvikle berekraftige eksemplanlegg som er nyskapande og inspirerande på tvers av aktivitetar og idrettar. Desse anlegga skal dekke lokale behov, men samstundes ha nasjonal relevans. Utvikling av ulike verktøy med overføringsverdi til andre og påverke statleg politikk og innretting av statlege, fylkeskommunale og kommunale verkemiddel er også ein del av det vi ønsker å oppnå, t.d. prosesskrav for prosjektutvikling og sjekklister/ suksesskriterier, identifisere barrierar for utvikling. Innsatsområda er attraktive skuleområde (2020 og 2021) og innovative idretts- og aktivitetshallar (2022). Alle kommunar og dei vidaregåande skulane i Vestland kan søke om å delta i prosjektet frå 2021. Utvalde prosjekt vil få støtte til å gjennomføre gode medverknadsprosessar og til anleggsutviklinga.

Denne saka legg rammene for organiseringa av arbeidet med prosjektet vidare. Det er ønskjeleg å delegere ulike delar av dette til fylkesrådmannen etter dei føringar og retningar som ligg i prosjektskissa og vedtak fatta om vidareføring av prosjektet i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.11 2020 i PS 163/2020. Fylkesrådmannen foreslår å opprette ei bredt samansett styringsgruppe for prosjektet nyskapande aktivitetsanlegg 2021-2023.

Prosjektet er i tråd med satsingar i utviklingsplan for Vestland og vedteken Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024. Tre ulike avdelingar i fylkeskommunen er involvert i arbeidet med nyskapande aktivitetsanlegg: opplæring og kompetanse, organisasjon og økonomi og kultur, idrett og inkludering.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg er ei målretta satsing på enkle, lokale møteplassar med varierte og attraktive lågterskeltilbod for fysisk aktivitet. Møteplassane skal bygge på arkitektur av høg standard og vere nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar og bli naturlege samlingsstadar i lokalsamfunnet.

Kommunar og dei vidaregåande skulane i Vestland er invitert til å søkje om tilskot til prosjektering og planlegging av gode og nyskapande aktivitetsanlegg, knytt til uteområde ved skular. Hovudutval for kultur, idrett og integrering gav 25.11 2020 i PS 163/2020 fylkesdirektøren mandat til å utarbeide retningsliner for tilskotsordninga på bakgrunn av framdriftsplan, målsettingar og skildring av prosjektet i vedteken projektskisse 2020-2023. Retningslinene for tilskotsordninga ligg på Vestland fylkeskommune sin heimesider <https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/anlegg/tilskot-til-nyskapande-aktivitetsanlegg/>. Søknadsfrist er sett til 15. mai.

Framdriftsplan 2021:

Arbeidet med pilotfasen vart presentert i ein erfaringskonferanse 12. mars (link til opptak under). [Webinar nyskapande aktivitetsarena 12.03.2021 \(mediasite.com\)](#). Som oppfølging av dette blir det 30. april invitert til eit webinar med fokus på kunnskapsgrunnlag. Dette kan vere til inspirasjon til dei som vurderer å søke om å vere med i prosjektet innan 15. mai 2021.

Hovudutval kultur, idrett og integrering vedtok 25.11 2020 i PS 163/2020 vidareføringa av prosjektet i perioden 2020-2023 slik det er skissert i projektskissa for nyskapande aktivitetsanlegg (vedlagt). Framdriftsplanen for utvelging av prosjekta er som følger:

- ✓ 5. juni: inntil åtte prosjekt blir valde ut på bakgrunn av søknadane. Dei utvalde prosjekta får tilbod om oppfølging og rettleiing frå Vestland fylkeskommune og Lokale og Anlægsfonden m.a. i høve til erfaringsutveksling, prosessrettleiing, vidareutvikling av kunnskapsgrunnlag og evaluering.
- ✓ 15. juni: oppstartsmøte med fokus på fagkunnskap, prosessar, medverknad m.m. Kommunane får tilgang til ulike metodar og verktøy som kan brukas lokalt i den vidare utviklingsfasen.
- ✓ Juni - september: Lokale prosessar. Etter oppstartsmøtet skal kommunane arbeide vidare med lokal forankring og prosess- og prosjektutvikling. Fokus er på brukarmedverknad, behovskartlegging og mogleighetsstudie. I denne perioden får kommunen tilbod om oppfølging og rettleiing frå m.a. Vestland fylkeskommune og Lokale og Anlægsfonden.
- ✓ Innan 1. oktober: Kommunane presenterer arbeidet dei har gjort så langt. Inntil 4 kommunar får delta vidare og vert tildelt prosjektmidlar til prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i anlegg som ikkje vert dekkja gjennom spelemiddelordninga. Tilskot og eigenfinansiering vert vurdert og avklart. Prosjekta skal forankrast i kommunale planar.

Organisering

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ba i møte 25.11 2020 i PS 163/2020, administrasjonen å greie ut alternativ for organisering av arbeidet med tildeling av midlar til prosjekta.

To ulike modellar er skissert under.

Alternativ A:

Fylkesrådmannen foreslår å opprette ei styringsgruppe for prosjektet nyskapande aktivitetsanlegg 2021-2023 for å sikre:

1. oppfølging av FN sine bærekraftsmål med fokus på utvikling av lokalsamfunn og fysisk aktivitet
2. at prosjektet vert sett i samanheng med anna relevant utviklingsarbeid regionalt og nasjonalt
3. komplementær fagleg kompetanse for utvelging og oppfølging av prosjekta
4. breie nettverk i høve til innspel, formidling av resultat og påverknadsarbeid for å endre nasjonal politikk og innretting av tilskotsordningar for anleggsutvikling
5. utvikling av ulike verktøy med overføringsverdi til andre t.d. prosesskrav for prosjektutvikling og sjekklister/ suksesskriterier, identifisere barrierar for utvikling og kunnskapsgrunnlag.
6. forankring av arbeidsmetodikk i relevante planar/strategiar.

Styringsgruppa bør setjast saman av representantar frå ulike avdelingar i Vestland fylkeskommune, Vestland idrettskrets, Lokale og Anlægsfonden, Tverga - nasjonalt senter for eigenorganisert aktivitet, Kommunesektoren sin organisasjon (KS) og ev. private aktørar som er med å finansiere prosjektet. Kulturdepartementet vil og bli invitert med i styringsgruppa. Prosjektleiinga i Vestland fylkeskommune vil koordinere arbeidet og vere sekretariat for styringsgruppa. I tillegg har prosjektleiar ansvar for å følge opp dei ulike delprosjekta for å sikre kompetansebygging/ overføring. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil bli orientert om status i arbeidet og tildelingar som vert gjort.

I tillegg vil ulike fagmiljø bli invitert til å delta i ei ressursgruppe som kan bidra i dei ulike prosjekta m.a. Norges miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) og Idrettsklynge Vest som har spisskompetanse i høve FOU og evaluering av prosjekta.

Det vert etablert lokale arbeidsgruppe for kvart prosjekt. Arbeidsgruppa skal vere breitt samansett av lokale aktørar. Fylkeskommunen, Lokale og Anlægsfonden og andre interessentar vert kopla på tidleg i prosjekta og elles ved behov. Kvart prosjekt skal gje eit lokalt løft, ha nasjonal relevans og vere berekraftig både sosialt, miljømessig og økonomisk.

Alternativ B:

Fylkesrådmannen opprettar ei faggruppe med dei same representantane som foreslått i styringsgruppa og ressursgruppa i alternativ A. Faggruppa innstiller på tildeling av tilgjengelege ressursar til fylkesrådmannen, som legg fram PS med forslag til vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering til møte tidlegast 14. juni og 13. oktober.

Som det går fram av framdriftsplanen er det sett eit løp med tidsfristar og rammer for dei ulike prosessane i prosjektet. Ved å velje ein modell der det skal gjerast politisk vedtak, vil ein måtte forskyve framdrifta i prosjektet i tråd med fristar for sakshandsaminga.

Søknadsfristen for ordninga er 15. mai, og etter fristen vil det vere trong for intern samordning med avdeling for opplæring og kompetanse og eigedom av søknadane frå dei vidaregåande skulane, før drøftingar med faggruppa. I høve til tidsfristar for saksproduksjon vil fylkesrådmannen ha maksimalt sju verkedagar til å ferdigstille ei politisk sak (to veker før møtet).

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur idrett og integrering, jfr. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det er sett av 2 250 000 kr. i vedteke budsjett for 2021 frå post 460.107, nyskapande aktivitetsarena, til gjennomføring av delar av dei ulike prosessane i prosjektet. I prosjektskisse og PS 163/2020 handsama i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.11 2020 er det lagt føringar for bruken av desse midlane.

Klima:

Prosjektet har stort fokus på FN sine berekraftsmål.

Folkehelse:

Prosjektet har stort fokus på medverknad, inkludering og mangfald. Målet er å skape møteplassar som er attraktive og tilgjengelege for alle.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.

Utviklingsplan for Vestland seier i kap 2.2. Berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling, at ein kan oppnå store synergjar ved å sjå berekraftsmåla i samanheng. Gjennom dette prosjektet vert det jobba med utfordringar knytt til fleire av dei 17 måla, på tvers av sektorar. I tillegg til at kunnskap vert lagt til grunn for arbeidet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at Hovudutval kultur, idrett og inkludering vedtek forslaget til delegering av mynde som skissert i vedtaket i denne saka for å sikre god framdrift i prosjektet. Tidsplanen som er skissert i vedteken prosjektskisse er tilpassa modellen med ei styringsgruppe. Dersom det blir organisert med politiske vedtak, vil tidsplanen måtte bli justert.